

Verdal Historielag

Postboks 148, 7651 Verdal



Jon Marius Suul

12. august 1883 - 12. august 1983

Av Bjarne Slapgard

Det er ikkje mange verdalingar som har sett så mange merke eller seg i kulturlivet i dalen som *Jon Marius Suul*. Han vart fødd på ættegarden Sulstua, og foreldra var Elen Anna Elevsdr. Indahl (1837-1913) og postopnaren og skyss-stasjonshaldaren Ola (Ole) Nilsen Suul (1830-1919). Jon Suul vart gift med Laura Othelie Rygh. Ho var dotter til Louise Olsdr. Høilo og Oluf Johannesen Rygh.

Denne gamle ættegarden er rik på historiske tradisjonar, og slekta har budd der 5-600 år, kanskje meir. Etter Olavs-legenda i Snorre var det her at Olav Haraldsson møtte Torgeir Flekk som fekk åkeren sin nedtrampa av hæren. Legenda fortel at kongen fekk åkeren til å reise seg og skulle stå like fin om ei veke.

På ein slik fjellgard kunne det nok tidt bli «frøssi konn og rotti høy», og harde krigsår gjorde vanskane store. Verst var det vel under krigen i 1718/1719. Då måtte Tørris Nilsen, bonden i Sulstua, flytte til Tromsdalen med heile sitt hus.

II

Miljøet i Sul, med livleg ferdsel mellom Jämtland og Trøndelag, med friluftsliv i skog og fjell, vart viktig føresetnad for det Jon Suul fekk gjort som lokalhistorikar, kunstnar og lensmann.

Han vart heilt frå gjetarlivet i gutedagane sterkt knytt til naturen og til det særmerkte lendet i grensefjella. Dessutan tok dei godt vare på slektstradisjonane i Sulstua, og Jon Suul fekk sin rike del av slike skattar. Kjerleiken hans til heim og heimstad fekk seinare i livet hans slå ut og føre til rause gåver, til mange initiativ til beste for dalen og til skapande kunst.

Ved sida av Lensmannsyrket er det nok teiknaren, biletskjeraren og lokalhistorikaren som har sett dei fleste friske spor i bygdekulturen.

Han viste tidleg givnad for teikning, og han merkte seg ut med ei fin handskrift som han fekk «diplom» for. Heldig var det òg at han fekk Johannes Dahl til lærar. Dahl var varmt historisk interessert og en levande forteljar. Det synt seg òg at Jon var nevenyttig og skapte fine bruksting i tre. Formsansen hans kom til sine då han laga kubbestolar og andre ting av rirkuler og andre naturvaksne emne.

Så bar det ut på meir skolegang: Framhaldskole på Ekle 1902-03, «Trondhjemske Brigades Under-officerskole» 1904-1907. Fastlønt sersjant var han frå 1913, og så vart han løytnant i Nord Trøndelag Infanteriregiment nr. 13 fra 1916. I Verdal vart han så lensmannsbetjent hos Holmvik frå 1910 til 1938. Så vart han så ettermannen til Holmvik fram til 1955.

Det seier seg sjølv at lensmannsyrket og mange tillitsverv skuva dei mange hobbyane noko til sides. Men han heldt dei «varme», var stendig flittig og arbeidshuga, så resultatata kom til syne.

Etter kvart vart det treskjerjeringa som dominerte arbeidet hans, særleg biletskjerjing. Han nådde fram til ein særmerkt stil, og vart nok inspirert mykje av teiknekunsten i «Snorre».

I slutten av 1920-åra skar han ut 8-9 veggfelt i heimen sin, Jonsvoll, på Verdalsøra. Motiva der har han henta frå si eige slektssoge og bygdesoga. Men av di at dei rikshistoriske hendingane så ofte greip inn i Verdals-soga, fekk motivvalet ei spennvidd som gikk vidare enn til det lokale. Ved 900-års-jubileet for kristendomsinnføringa i 1930, vart desse veggfelte framsynte på Trøndelagsutstillinga og fekk sølvmedalje. Dei har vore utstilte fleire stader òg, i Levanger, på Stiklestad og Steinkjer.

Det er litt beiskt å tenkje på at Verdal feirar 100-års-minnet om Jon Suul like etter at bygda har rasert heimen hans på Verdalsøra. Denne rike og store bygda burde hatt råd til å ta vare på dette huset. anten ved ei lempeleg flytting, eller ved nedrivning og flytting til bygdemuseet. Men det er så ofte slik i vår tid at effektiviteten blir prioritert føre kulturverdiane.

Eit av storverka sine gav Suul til Porkkala i Suomi då Kyrkslætt mellomalderkyrkje vart atterreist etter krigsherjingane, utafor Helsinki 1959.

I all hovudsak er motiva for Suuls teikningar og treskurd historiske: slekthistoriske, bygdehistoriske, landshistoriske, bibelhistoriske. Då Vuku kyrkje fylte 300 år i 1955, gav Suul ein døypefont med åtte vakre biletfelt. Han vart sjølv døypt i denne kyrkja for snart 100 år sidan.

Suul gjorde opptaket til fleire minnesmerke i bygda, og han skisserte utkast både til monumentform og innskrifter. Del flottaste er kan hende minnesteinen på Olskjeldehaugen i Sul. Avdukingstalen der i 1954 heldt fylkesmann Asbjørn Lindboe.

Suul gjorde òg opptaket til Arnljot Gelline-rennet og til Stiklestad kyrkjesongkor. Sjølv var han aktiv songar gjennom mange år. Vi kjenner best «pondusen» hans i Verdal Mannskor, der han ofte var solist.

Dei vakre nøklane til Stiklestad kyrkje er det Suul som har teikna, fekk dei smidde til det forhastade 800-årsjubileet i 1950. (Stiklestad kyrkje var neppe heilt ferdig før i 1180-åra!)

III

Suul skreiv mange verdifulle artiklar i «Verdal Historielags Årbok», i tidskrifta «Jamten» og «Maal og Minne». Han skreiv om stigar, kløvvegar og køyrevegar, om soldatliv og legdsliv, om fjellferder, om slitet i fred og i krig, om «Skogbursnamn i Sul og Inndalen», o.mm.

Suul var mykje oppteken av Olav Haraldsson og Olsok. Dette førde til at han fekk Olav Gullvåg til å skrive eit Olsok-spel: «Natterast på Sul». Dette spelet har blitt utvikla til «Spelet om Heilag Olav», som med Paul Okkenhaugs geniale musikk har vakse til ein kulturinstitusjon. Men år etter år opplever vi at Marienlyst prioriterer på lite smakfull måte. Dei har sjeldan råd til å ta imot verdfulle kulturinnslag frå Stiklestad; dei tar kanskje nokre minutt i ein dagsrevy, medan allverdens pop får lov til å breie seg på halvtimes- og timesvis.

IV

Jon Suul fekk mange gode vener utafor landegrensene, og han vart dekorert med fleire medaljar, t.d. Riddarkrossen, den islandske Falke-ordenen. Men den han sette mest pris på var kanskje den svenske «Jämthe-landia medaljen» i gull. Det er berre to nordmenn sin har fått denne utmerkinga: Jon Suul og Johan Falkberget.

Suul skar eit flott bilete av «Holmgangen på Dinganeset». Eit eksemplar av dette har han gitt til ein skole på Island. Han hadde det synet at denne holmgangen gikk for seg ved Skalsvatnet, ikkje ved Breivatnet som Finnur Jonsson og mange med han trudde. Saman med den islandske historikaren Hallgrímur Jonasson var vi inns på fjellet ein soldag, den 27. juli 1978, og då fann vi den kjelda som sogene skriv om. Hallgrímur var ikkje i tvil: Der kunne det ha skjedd. Lendet minte han om lendet på Øksaråholmen på Island, der Skalde-Ravn og Gunnlaug Ormstunga første gongen heldt holmgang uten å felle kvarandre.

Etter at han slutta som lensmann i 1955, var han mykje ute på ferd. Ei av dei gildaste var nok reise til Oberammergau og til Nord-Italia. Då var òg kona med - i rullestol. Det var sonen, Oddmund Suul, som tok dei med i bilen sin. Det er vemodig i tenkje på at Oddmund Suul, byplanleggjar i Trondheim, døydde så ung: Han stupte på gata i London 17, januar 1977 (fødd 1914). Han hadde dei same levande historiske interessene som faren. Dei same kan nok seiast om dei andre sønene hans: Torgeir Flekk Suul, som er domkyrkjearkitekt. Ingvald, som gav ut den kjende fotosamlinga frå okkupasjonstida, og Einar, som har teke oppatt arven etter faren og er aktiv skapar av treskjerarkunst med historiske og andre motiv.

V

Den 17. mai 1951 var ein vakker festdag. Jon Suul gledde seg og var med. Den 18. mai hadde Levanger 125-årsjubileum som by, no er Levanger landkommune. Frå Verdal fekk byen ei flott adresse laga av Jon Suul. Det vart det aller siste arbeidet hans. Same ettermiddagen var han i gravferd heime i Inndalen. Tremeningen hans, Anna Indahl, var gått bort. Ved bordet heldt han tale som var fylt med gode minne. Så sette han seg. Litt etter seig han saman med ein sukk. Han ville ha fylt 77 år ved neste 12. august.

Han låg på likstrå i heimen med eit av dei siste utskorne veggfelt som han hadde laga: «Aftenbønn» etter Wergeland:

«Naar jeg lægger mig til Hvile,
Tretten Engle om mig står---»

Gravferdsdagen var det stor høgtid i Stiklestad kyrkje. Kyrkjekoret song. Om kvelden kom Verdal Mannskor og song i heimen. Så var han heime hos sine fedrar...

Laura og Jon Suul hadde sju born i lag. Så vidt eg veit, lever seks av dei enno. Laura ville ha fylt 102 år 26. august 1984 dersom ho hadde levt. Eg fekk ein prat med henne om livet til slekta ut på sommaren 1967. Den samtaletimen gløymer eg ikkje. Ho fortalde om arbeidet sitt som styrer på telefonsentralen, om borna, om mannen sin, som ho følgde levande i alt han drev på med.

Vi kan gjerne samla alt i eit einaste ord:

Takk!

(Henta frå Årbok 1984)